

Årsmelding Ungdommen sitt kommunestyre, frå valet 2019-2020.

**UNGDOMMEN SITT KOMMUNESTYRE I LUSTER I skuleåret  
2019-2020.**

<b>Medlemmer</b>	<b>Varamedlemmer</b>
<p><b>Luster ungdomsskule:</b>            Per Hauge, Lustravegen 4318, 6876 Skjolden.            Håvard Straumstein, Dalsdalen 297, 6872 Luster.            Thea Molland, Jorangervegen 197, 6873 Marifjøra.</p>	1. Henrik Fuglesteg, Tvingeborgneset 20, 6868 Gaupne. 2. Jone H. Vigdal, Haugåsen 3, 6871 Jostedal. 3. Lea Viken Oppedal, Lundshaugen 6, 6873 Marifjøra.
<p><b>Hafslo barne- og ungdomsskule:</b>            Sedrik Kauppi Norheim, Hestnes 23, 6869 Hafslo.            Isak Hauge Sørensen, Hestnes 139, 6869 Hafslo.            Mari Urdal Cirotzki, Hestnes 49, 6869 Hafslo.</p>	1. Ole Sebastian Nesvoll, ???? 2. Bård Inge Wangensteen Fredheim, 6869 Hafslo. 3. Kjersti Ahlin Søvde, Lustravegen 513, 6869 Hafslo.
<p><b>Sogndal vidaregåande skule:</b>            Line-Kristine Karlsen Holene, Hestnes 39, 6869 Hafslo.            Guro Gutepllass Lie, Lambhaug 326, 6873 Marifjøra            Brage Skare Haganes, Høyheimsvegen 27, 6875 Høyheimsvik.            Aleksander Flattun Lilleeng, Gardavegen 33, 6868 Gaupne.</p>	1. Simon Gunnestad, Bruvoll 2, 6868 Gaupne. 2. Håkon Bergum Hansen, Mollandsmarki 837, 6869 Hafslo. 3. Valentas Velentukevicius, Sandvikvegen 67, 6868 Gaupne. 4. Benjamin Engen, Svinggaplassane 32, 6873 Marifjøra 5. Harald Ahlin Søvde, Lustravegen 513, 6869 Hafslo 6. Alexander Bergseth, Røslebakkane 95, 6868 Gaupne.
<p><b>4-H:</b>            Sander Næss Johannessen, Hestnes 71, 6869 Hafslo</p>	Jarand Skjerven Oksnes, Hestnes 95 A, 6869 Hafslo
<p><b>Idrettslag:</b>            Emma Marie Sognnes Heltne, Lustravegen 3250, 6872 Luster</p>	Ida Stai Bolstad, Bolstadvegen 86, 6876 Skjolden.
<p><b>Politisk representant:</b>            Ap: Kine Hauge, Lustravegen 4318, 6876 Skjolden            Sp: Venessa Joranger, Marifjøra 44, 6873 Marifjøra            Krf: Oda Bertine Bondevik Lie, Hestnes 28, 6869 Hafslo            H: Jakob Sandvik, Bukti 2, 6868 Gaupne            V. Ifrah Abdirahmen Abdullahi, Bruflat 29 6868 Gaupne.</p>	Jone H. Vigdal, Haugåsen 3, 6871 Jostedal Lillian Hunshamar, Eikjastrondsvn. 51, 6873 Marifjøra.

**ARBEIDSUTVALET:**  
**Leiar for UK Jakob Sandvik**  
**Nestleiar for UK Kine Hauge**  
**Representant Per Hauge**  
**Varamann Aleksander Flattun Lilleeng**

- **Ungdommen sitt kommunestyre i Luster (UK) skal ha seg førelagt alle saker som vedkjem ungdom sine interesser og behov.**
- **UK skal ha rett til å uttale seg før saker vert tekne opp til avgjerd i kommunale utval. UK sin uttale skal leggjast fram for vedtaksorganet.**
- **UK kan ta opp saker som dei meiner er viktige for ungdommen i Luster kommune.**
- **Innafor ei økonomisk ramme som vert vedteke av kommunestyret, kan UK setja i verk eigne tiltak.**
- **UK skal ikkje handsama saker som gjeld avgjerd overfor enkeltpersonar.**

Ungdommen sitt kommunestyre (UK) har i arbeidsåret 2019-2020 hatt 9 møte og handsama 28 saker. Første samling, med opplæring var den 09.12.19.

Arbeidsutvalet i Ungdommen sitt kommunestyre (AU) har i arbeidsåret hatt 6 møte, og handsama til 26 saman saker. Sekretær gjennom arbeidsåret har vore Karin Leirdal. Dessutan har Erling Bjørnetun delteke under opplæring og i møta, og vore tilgjengeleg for støtte i arbeidet med oppfølging av saker. Magnus Solheim har vore kontaktperson i samband med lokalt arrangement av UKM og var koordinator frå administrasjonen i lokal mönstring i 2020 som var felles med Sogndal kommune.

I samband med ny kommunelov frå oktober 2019 vart det førereke revisjon av vedtekten for råda og UK. Kommunestyret valde no sjølve ungdomsrådet (UK) og UK skal ha ein valperiode på inntil to år. Forslag frå Skulane og organisasjonane vart lagt fram for ei valnemnd oppnemnd av kommunestyre, som til slutt valde dei nye medlemene.

Det vart halde opplæring om møtekultur og korleis kommunen kommuniserer med dei folkevalde. Det var lagt opp til øvingar med gruppearbeid.

Valresultat

Leiar Jakob Sandvik  
Nestleiar Kine Hauge  
Representant Per Hauge  
Varamann Aleksander Flattun Lilleeng

## **Aktivitetsplanen arbeidsåret 2019-2020.**

Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane (UPU):

Det var ingen frå UK som deltok som utsendingar i 2020.

Det var ei samling i Bergen etter samanslåinga til Vestland fylke. UK deltok ikkje.

## **LustraLan**

Styre: Jacob Sandvik leiar, Aleksander Flattun Lilleeng, Sander Næss Johannessen.

Håkon Bergum Hansen vart vald som representant frå Ungdommen sitt kommunestyre.

Styret har jobba med å starte opp att arrangement og drive aktivitetar.

Det vart drøfta om eit Lan evt. kunne arrangerast i Gaupne-hallen i staden for Hafslo.

Det vart jobba med å få til eit arrangement i romjula. Men det vart usikkert og vanskeleg på grunn av korona, og Lan vart ikkje starta opp att i 2020.

## **Oppsummering av Lustramarknaden med «Blås Grønt» ( juni 2020)**

Lustramarknaden vart planlagt slik som vanleg med arrangement på Lustrabalder. Det vart valde representantar til å jobbe med «Blås Grønt og aktivitetar elles med ev grillkveld på Høyheimsvik og skytekveld på Hillestadstølen.

Men på grunn av korona vart både Lustramarknaden og aktivitetane avlyst.

## Digital sending 17 mai

UK vart med på Digital aktivitet 17 mai. Ordførar Ivar Kvalen var veldig glad for at UK ville delta i digital 17. mai sending saman med han.

Det var ynskjeleg å få med nokon frå alle bygdene. Det vart starta opp filming med flaggheising og AU sitt innlegg som dei framførde saman i sendinga. Det vart i tillegg innslag frå Indre Hafslo, Gaupne og Skjolden med pianomusikk av Audun Kristian Oklevik.

## **Lokalt arrangement av UKM i 2020.**

Mönstringa 1. mars vart halde i Sogndal, men Fylkesmönstringa som skulle føregått i Måløy vart stoppa på grunn av koronasituasjonen.

Sindre Steig frå Luster var med som fag-jury i Sogndal den 1. mars, og som fagperson for musikk. Han opna mёнstringa med eigen musikk.

## Det var 7 Påmelde innslag fra Luster av 34 totalt. (Fleire som var med på fleire innslag av ulik karakter)

16 Spelte musikk (Fjøsnissane, No Superstition, Sverre og Sedrik og Traktorvafler.

9 stk dansegruppe (Passion)

2 deltok med bilde (Håkon, Louise)

26 ungdom deltok frå Luster!

Det var stor variasjon på innslag – Ein del musikk frå fullt band til klassisk piano spel.

Men også dansegrupper, konferansierer og masse flotte maleri og bilder. Det var, ifølgje ungdomskontakt Magnus Solheim, masse flott Ung Kultur på ein og same plass.

## 4 Bidrag blei påmelde til fylkesmönstring i Vestland 2020 frå Luster.

Fjøsnissane 14-17 år - Sweet Child o' Mine «Fjøsnissane er eit band frå Jostedalen som øver i Jostedal Rockeverkstad»

Med kunstverk - Håkon Elvekrok, 13 år – Svampens Kunst

Passion 13-16 år - Nyoppstarta instruktørgruppe i Luster. Dansa saman i ca eit halvt år.

9 Dansarar.

Traktorvafler 17- 18 år - Traktorvafler er eit lokalt band frå Hafslo. Dei spelar for det meste cover-låtar i alle moglege sjangrar.

Kafe-teamet var valde fra UK Luster og besto av: Kine Hauge, Guro Gauteplass Lie, Oda Bertine Bondevik Lie. Teamet tok ansvar sjølv for innkjøp og baking og drifta i kafeen helt sjølve. Ved hjelp av foreldre løyste teamet oppgåva med kafedrift på en god måte.

### **Kulturutveksling med vennskapskommunen i USA.**

Det var ungdom frå Luster sin tur til å søka om å bli «utveksla til vennskapskommunen i USA, Vernon county.» i sommarferien.

På grunn av koronasituasjonen kunne ikkje denne aktiviteten gjennomførast i 2020. UK vedtok at tiltaket blei trekt ut av kalenderen i 2020.

### **Stipendordning**

UK si stipendordning har som føremål å støtta yrkesretta kompetanseutvikling, eller anna utvekslings-/læringstiltak for ungdom frå Luster kommune i alderen 16 – 19 år. UK kan tilrå å gje støtte til kursavgift og reiseutgifter.

Det kom inn 2 søknader om økonomisk støtte og UK tilrådde at dei vart i møtekomne med kr. 1000,- for eit motorsagkurs og kr 2000,- for eit truckførarkurs.

### **Lokale Transporttilbod for ungdom (LTU).**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har invitert kommunane og ungdomsråda til å utforme eit skyssopplegg og søkje om prosjektmidlar. Luster kommune og UK har søkt og fått innvilga tilskot kvart år.

Tilboden har vore mykje nyttig, men i år har det vore meir vekslande på grunn av koronasituasjonen.

Rapport over bruken:

Tal reiser	Tal reisande	Eigendel	Total kostnad
62	235	11750	76157
54	179	8950	60516

UK drøfta reglementet, men vedtok å ikkje gjere endringar. Tilboden vil fortsatt gjelda for ungdom mellom 13 og 19 år busette i kommunen. Tilboden som kostar kr 50,- pr. tur pr. person kan nyttast til arrangement i Luster kommune – treningar, møte og kurs. Minimun to personar må følgja taxien kvar gong. Andre kan vere med, men dei må betale full pris.

### **Offentlege planar som vedkjem barn og unge.**

UK har hatt fylgjande saker for uttale/innspel.

I desse sakene har administrasjonen vore inviterte og orientert i møta:

### **Ruspolitisk handlingsplan.**

UK drøfta saka første gong i juni før sommarferien. Det vart gjort endeleg vedtak i oktober 2020.

UK engasjerte seg og meinte at det burde vore meir fordelt besøk av helsesøster og politi på skulane og at temaet blei teke opp fleire gonger, minst ein gong i halvåret.

UK sakna meir informasjon om rus på ungdomskulen og ikkje berre det som står i lærebøkene i naturfag. Det er viktig at nokon kan snakke om temaet, og gjerne nokon som er «yngre» - dei er meir «interessante» og lettare å spørje og koma i dialog med. Det bør vere kontinuerleg orientering om både rus, sex og nettvett i ungdomsskulane. UK meinte og at det bør og vere klassevis orientering, og ikkje for heile ungdomstrinnet samstundes. Det er skilnad på 8 og 10 klasse når det gjeld forhold til rus.

Uk sakna og ein kiosk i Gaupne, der det er høve for alle ungdommar til å få kjøpt seg litt mat og alkoholfri drikke på ein enkel måte.

### **Endring av forskrift om bruk av motorkøyretøy på Hafslvatnet, Innspel frå UK:**

UK støtta framlegg til endring av forskrift om at båtmotor-grensa på Hafslvatnet blir heva frå 8 til 10 HK.

### **Høyringssak - inntak til vidaregåande skule.**

Vestland fylkeskommune sende høyringsframlegg til ny lokal forskrift om korleis opptak til vidaregåande skular skal bli i det nye Vestlandsfylket.

UK handsama saka og sende inn uttale. UK meinte at fritt skuleval med karakterbasert opptak i heile det nye fylket, var det beste alternativet for inntak til vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune.

Dette fordi dei meinte at karakterar må vere avgjerande. Når ein har lagt ned arbeid for å få bra karakterar, skal dette lønna seg. Det vil setje opp kvaliteten på arbeidet og gje motivasjon. UK meinte og at karakterbasert inntak vil føre til eit betre arbeidsmiljø der hardt arbeid som fører til gode karakterar er motiverande.

Alternativet ville og gje friheit til å velje skule, istaden for å blir styrt. Det ville føre til at ein ser større mogelegheiter, som alle er oppe. Det ville gje lettare overgang til annan skule.

Det ville og gje nærmere tilknyting til det nye storfylket. Fritt opptak i heile det nye fylket ville gi betre høve til å utnytte det. Ein ville få høve til å velje mellom fleire ulike sosiale tilbod. Fritid og trivsel er viktig for mange, og gjerne avgjerande både for skuleval og resultat.

### **Enkeltsaker Ungdommen sitt kommunestyre (UK) har handsama:**

#### **Sommarjobb for ungdom 16-18 år.**

Det vart utlyst sommarjobbar for 16 – 18 åringar i Luster, som tidlegare år. 2 stk. frå UK vart valde til å bli med på trekkinga av sommarjobbar:

### **Skriv frå departementet om å «gi innspel til framtida sin distriktpolitikk» - ynskje om besøk frå ungdommen's distriktpanel.**

Distriktpanelet ynskte å komma på besøk, og UK vart positive til at dei ville komma til Luster. Men på grunn av korona kunne det ikkje komma besøk frå distriktpanelet. Uk engasjerte seg likevel i saka og sende inn innspel til panelet.

UK meinte at samferdsel og tilgang på arbeidsplassar er viktig for at ungdom skal kunne bli buande i distrikta.

UK var særleg opptatt av tilgang på læringsplassar, det er avgjerande for at ungdom skal kunne få den utdanninga dei ynskjer. Dette må synleggjera, og dette gjeld også i høve til å ta i mot elevar som har utplassering frå skulane. Når elevar får høve til å prøve seg i praksis hjå ei verksend, kan dei gjerne allereie ved utplasseringa få høve til å sikre seg ein læringsplass når dei er ferdige med skulen.

UK meinte og at temaet om «framtida sin distriktpolitikk» er aktuelt å diskutere på skulane og blant venner.

### **UK har fått orienteringar frå administrasjonen for fylgjande:**

- «Ung Kultur møtes» og «Ung sene».
- Utviklingsarbeid for barn og ungdom i Luster
- Luster kommune sitt folkehelsearbeid
- Om kommuneplanarbeid og reguleringsplanar generelt.
- Orientering om spelemidlar og spelemiddelsøknader
- Friskus»  
UK var positive til «Friskus» som er ein ny felles digital aktivitetkalender. Alle aktivitetar og oppdrag, både for unge og eldre, blir med dette verktøyet samla på ein plass – «Generasjonsmøteplass». Det hindrar kollisjonar av arrangement. Det er lett å melde seg på, og ein får informasjon utan å vere med i ei gruppe.

### **Andre fagplanar som UK har fått orientering om:**

- Kommunedelpan for Kulturminne.
- Kommunal planstrategi
- Handlingsplan mot barnefattigdom.
- Kommunal transportplan
- Tilstandsrapport oppvekst (grunnskule og barnehage)

### **Sluttkommentar frå leiaren i Ungdommens kommunestyre i Luster 2020**

UK sitt arbeide har som resten av samfunnet vore prega av koronasituasjonen. Fleire av sakene og arrangementa me har jobba med har vorte avlyst eller reduserte. Som eksempel kan nemnast at utveksling til vennskaps kommunen i USA og LAN arrangement ikkje let seg gjennomføra. Ei anna viktig hending for alle i Luster, også ungdommen, er 17. mai. Denne dagen vart i 2020 feira på ein heilt anna måte enn me er vande til, alle arrangement vart avlyst. Da vart ordføraren sin tale spelt inn digitalt og ungdommen bidrog med innlegg. Denne videoen er vist over 4000 gonge på Facebook.

Lokal kulturmönstring var vanskeleg å få til, her vil me oppfordre til at det vert satsa vidare og at det vert lagt til rette for att dette arrangementet får gode rammer til å utvikle seg. Lustraungdommen har mykje kultur å bidra med!

Me har likevel fått behandla mange saker som opptek ungdommen. Ei sak som ungdommen brenn for er at det vert meir og betre undervisning i skulen om psykisk helse, seksualundervisning, rusførebygging og vald i nære relasjonar. Gjerne med yngre lærekrefter utanfrå skulen som kan

supplere lærarane. Ungdommen er og oppteken av klima og ynskjer å lære meir om klimasmarte tiltak.

Sist årsmelding oppfordra me dei politiske partia å stille kandidatar til UK da det berre var Høgre som hadde representant. Dette har partia lytta til! Denne perioden stilte fem parti med representantar, det er me glade for.

Gaupne 10.5.2021

Jakob Sandvik

Leiar